

Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS
Fotlandsvegen 39
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykker: Ref.:EBPEJJ-
Skjemanr.:3941
Vår: 21/10619 - 22/681

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
05.01.2022

Svar på søknad om løyve til utslepp av oljehaldig avløpsvatn - gbnr 322/278 Mjåteit

Tiltak: Utslepp av oljehaldig avløpsvatn
Byggjestad: Rosslandsvegen 380 – gbnr 322/278
Tiltakshavar: Åsane Mek Eiendom AS
Ansvarleg søker: Mjelde og Stokke Rørleggerf. AS

Sakstutgreiing:

Informasjon om saka:

Tiltakshavar ønskjer å installere ei oljeutskiljar med nominell størrelse NS 10 som har ei kapasitet til å handtere ei vassmengde på 10 liter/sek. Det er med søknad lagt ved eit beregningsgrunnlag som seier at det ved verksemden er behov for ei utskiljar med minste nominelle størrelse NS 9. Det er opplyst i søknad om at verksemden skal ha ei innvendig vaskeplass på 69 m². Utstyr som skal nyttast til spyling er ei høgtrykkspyler og ei slangekrane med dimensjon 3/4" (DN 25). Vaskehall skal nyttast til vask av anleggmaskiner etc.

Vurdering/drøfting:

Verksemden ligg i eit området som er svært følsom for utslepp. Verksemden er ansvarleg for at anlegget er dimensjonert for den belastning som reelt kan tenkast å førekommme. Anlegget som vert installert kan handtere ei vassmende på maks 10 liter i sekund. Dette er 1 liter meir i sekundet enn det som dimensjoneringsgrunnlaget viser. Det er viktig at verksemden fører tilsyn med anlegg for å sikre at olje vert skilt ut anlegget og ikkje ført ut på leidningsnett. Alver kommune vil krevje fleire representative prøver av utsleppsvatnet. Dette for å sikre at veksemden har god kontroll på utslepp frå anlegget. Dersom vassprøve viser høge utsleppsverdier (> 50mg/l) skal verksemden straks ta kontakt med kommunen og setje i gong nødvendige tiltak. Dersom fleire prøveanalyser viser vedvarande høge utsleppsverdier, kan kommunen krevje utskifting av anlegg.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknaden og gjev løyve til å knytte oljeutskiljar på kommunalt leidningsnett på vilkår.

Vedtak:

Med heimel i lokal forskrift om «påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvann - Alver kommune» gir Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning løyve til å knytte oljeutskiljar på kommunalt nett på følgjande vilkår:

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

- **Anlegg vert godkjent for følgjande utstyr:**
1 stk høgtrykkspsyler
1 stk slangekrav 3/4" (DN 25)
- **Bruk av såpe/avfettingsmidler:** Såpe og avfettingsmidler som skal nyttast skal være godkjent til bruk for oljeutskiljaranlegg. Verksemden må gå i dialog med godkjent kjemikalieleverandør for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier kan påvirke anlegget sin reinsefunksjon.
- **Tømmefrekvens:** Anlegg skal **tømmast minimum 1 gong per år og elles når det er behov** for tømming. Anlegg skal tømmast før anlegget når maks lagringskapasitet. Anlegg som når maks lagringskapasitet vil ikkje kunne skilje ut meir olje slik at olje kan verte ført ut på kommunalt nett. Tømmeoperatør skal ha tilgang på kaldt vatn.
- **Prøvetaking:** Det skal takast **minimum 2 representative prøver per år**. Prøvetaking skal fordelast jamt utover året. Ved høge utsleppsverdier ($>50 \text{ mg/l}$) skal talet på prøver aukast. Vassprøver skal takast frå prøvetakingskum ved utløpsrør.
- **Tilsyn:** Anleggseigar skal ha jamleg ettersyn med anlegget. Verksemden skal ha interne rutiner for dette. I rutinene skal det komme fram korleis anlegg skal tømmast, driftast og vedlikehaldast. I rutinene skal det opplysts om kven som skal kontaktast ved uønskede hendingar. Det skal førast journal over utført tilsyn.
- **Vedlikehald:** Regelmessig tømming og vedlikehald av oljeutskiljar er avgjерande for anlegget sin funksjon. Tømmefrekvens avhenger av anlegget sin størrelse og effekt. Alle utskiljarvolum (sandfang, oppsamlingstank, inn/utløpsrør m.mer) skal reingjerast og kontrollerast minst 1 gong per år. Reingjering og kontroll kan utførast i samband med tømming av oljeutskiljaren.
- **Tømmeavtale:** Det skal ligge føre skriftleg avtale mellom verksemden og godkjent tømmeoperatør. Avtale skal omfatte minst 1 tømming og minimum 2 representative prøver. Avtale skal være signert av begge partar og skal være sendt inn med ferdigmelding.
- **Driftsjournal:** Tømmeoperatør skal føre driftsjournal for anlegg. Driftsjournalen skal ligge hos kunden slik at den, til ein kvar tid, er tilgjengeleg for kommunen. I driftjournalen skal tømmeoperatør fylle inn når anlegg er tømt, mende olje tømt (oppgett som % av våtvolum eller cm tykkelse). Tidspunkt for prøvetaking skal førast inn og når anlegg er reingjort og kontrollert. Det skal opplysts om kva del av anlegg som er reingjort og kontrollert.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg for kvart driftsår. Årsrapporten skal inneholde tømmerrapporter, prøveanalyser og kopi av drifts- og tilsynsjournaler. Frist for innsending av årsrapport for driftsåret er **1. februar påfølgjande år**.
- **Ferdigmelding:** Når arbeid er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdaterte teikningar og situasjonsplan med innmålingsdata som bygd (sosifil). Situasjonsplan skal vise rørføring frå bygg til tilknytingspunkt offentleg leidningsnett. Anlegg skal ikkje takast i bruk før ferdigmeldinga er godkjent.

Det er med heimel i lokal forskrift om «påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvann - Alver kommune» og «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Samferdsel, veg-,vatn- og avløp forvaltning sett krav til oljeutskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at olje vert skilt ut i frå avløpsvatnet før dette vert ført ut på kommunalt leidningsnett og påfører dette skader.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan pålagast til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. I klagen skal det komme fram kva som vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttा fyllt ut, jf. fvl § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Åsane Mek Eiendom AS	5281	VALESTRANDSFOSSE N
----------------------	------	-----------------------

Mottakarar:

Mjelstad og Stokke Rørleggerforretning AS	Fotlandsvegen 39 5282	LONEVÅG
--	-----------------------	---------